

# ORDENSREGLAR FOR STOKKE OG VIK SKOLE

**Det er heimen som er hovudansvarleg for elevane sin orden og oppførsel!**  
For at alle ved skolen skal føle seg trygg og trivast har vi følgjande reglar:

**Til elevane:**

**Reglar om framgangsmåte ved brot på ordensreglementet.**

Som ein hovudregel blir det samtale med kontaktlærer ved førstegongs brot på ordensreglane.

**Ordensreglane og aktuelle tiltak ved brot på desse:**

1. Du skal vere hyggeleg mot medelevane og dei tilsette ved skolen.  
*Reaksjon: Samtale/Melding til heimen/ Gjennomkjøring av mobberutiner./ Friminutt på andre tidspunkt.*
2. Du skal møte presist til timane og det skal være ro i timane.  
*Reaksjon: Samtale/Ved uro –samtale og eventuelt utvising av timen med tilsyn /Melding heim.*
3. I skolebygget skal du vise ro og orden.  
Unødig opphald i klasserom, korridorar og på toaletta er ikkje tillate.  
*Reaksjon: Samtale/Melding til heimen.*
4. For å unngå skader, er snøballkasting, sykling på skoleplassen og anna farleg leik, ikkje tillate. Du skal og opphalde deg på skolen sitt område i skoletida.  
*Reaksjon: Samtale/Melding heim*
5. Det er ikkje tillate å gjere skade og hærverk på skolen sin eigedom.  
*Reaksjon: Samtale/Melding heim. / Elevane og foreldra må utbetre skaden, eventuelt betale erstatning.*

Ps. Det gis melding til heimen ved ugjort lekse, - men det er heimen si oppgåve å sjå til at lekse blir gjort! Skolen har ingen reaksjon på dette i ordensreglementet.

**Andre tiltak ved alvorlege og gjentekne brot på ordensreglane er:**

- Avtale med heimen om henting av eleven.
- Utelukking frå turar, ekskursjonar og liknande etter avtale med heimen.
- Bortvising frå skolen etter nærare samtale eleven og avtale med heimen.
- Eventuelt andre tiltak i samarbeid med heimen.
- Viser elles til opplæringslova og forskrift til opplæringslova.

# Om bruk ordensreglane:

Viser til Rundskriv Udir – 07 –2005 , Om ordensreglement i grunnskoler og vidaregåande skoler.

## Til dei tilsette ved Stokke og Vik skole:

- Alle lærarane har eit ansvar for å bygge opp ein god realasjon til alle elevane på skolen.
- Kontaktlærarane har eit særleg ansvar til å bygge opp ein god relasjon til sine elevar.
- Det er viktig at det er den positive forventa åtferda som får merksemd, og ikkje negativ åtferd.
- Ros spesifikk ønskja åtferd når det er høve til det!
- Det må ikkje stillast urealistiske krav til elevane si åtferd.
- Elevane må aldri refsast på ein krenkjande eller skadeleg måte. Det vil mellom anna seie at åtferd som ikkje er ønskja alltid skal korrigerast på tomannshand, og på ein måte som gjer at eleven ikkje føler seg krenka.
- Elevane må få lov til å uttale seg før refsingstiltak setjast i verk.
- Lærarane skal møte presis til time.
- Inspeksjonsplikta skal haldast.
- Elevar og foreldre skal alltid omtalast på ein positiv måte.
- Det må alltid etablerast eit samarbeid med foreldre til elevar som viser problemåtferd.
- Lærarane bør stille eksplisitte forventningar og krav til elevane.

## Forventningar til foreldra:

- Dei tilsette ved skolen omtalast på ein positiv måte.
- Dei andre elevane og foreldre omtalast på ein positiv måte.
- Ta kontakt med skolen med ein gong noko er uklart.
- Foreldra les skriftlig informasjon frå skolen.